

Referat FAU 12.mars

Tilstade:

- 1.trinn: Lisbeth Skoglund
 - 2.trinn:
 - 3.trinn: Inghild Versland
 - 4.trinn:
 - 5.trinn: Astrid Langevoll
 - 6.trinn: Dag Folkvord
 - 7.trinn: Torunn Vigrestad (referent)
- Rektor

ikkje møtt: Anders Bø 3.trinn, Helga Mossige SFO,

1. Godkjenning av referat. Ikkje ferdig referat.
2. Ekstraordinært årsmøte. Alle signerer ein fullmakt slik at ein treng berre to av styret.
Dag Folkvord (leiar) og Inghild Versland (kasserer) kan oppretta kontoer i banken.
3. Inngå bankavtale overføre 17.maikonto og FAU-konto. Rektor kontakter Inghild eller skulesekretær korleis ein kan gjera det praktisk. Oppretta 9 kontoer. Kalla kontoen "2011" i staden for 1.trinn.
4. Nye 17.mai komite. Einar Refsnes, May Hilde Braut, Per Martin Stokland, Heidi Versland Barka, Hege kleppe, Kenneth Lea
Dei har første møte i morgon. Arbeid fram mot 2020
5. Partnerskap mot mobbing. Forslag å invitera Silje Marie Strandberg som eit felles arrangement for kretsen (Klepp U, Kleppe skule og to barnehagar). Marco Elsafadi vart og nevnt som godt forslag til felles foredrag
6. 1.trinn: Ikkje noko nytt, har valgt ny foreldrekontakt på førehand
2.trinn: Har foreldremøte parallelt med FAU-møtet.
3.trinn: Skal ha påskelunch, foreldremøte i april. Barnevakten. Invitert til frilufthuset på Orre. Skulen fekk tilbud til 3.trinn ang vårfuglane. Gratis transport. Hadde laga fuglekassar.
4.trinn: Ikkje noko nytt. Har akkurat hatt eit foreldremøte ang ipad
5.trinn: Har hatt foreldremøte. Kjersti Langvik hadde eit godt foredrag. Skal til sykkelgården.
6.trinn: Skal ha carbaret etter påske. Klassekontakter ordner kake til øvingane.
7.trinn: Planlegging 17.mai.
7. Aktuelt frå skulen.

Barnetråkk. Kartlegging av kvar elevane plar å opphalda seg, gå, ha aktivitar osv.. til dei ulike tidene på dagen. Kvar er det greit? Kvar er det skummelt osv. Skulen ynskjer å få resultata som er aktuelle for skulevegen. Elevane syntes det var kjekt å vera med på.

7.trinn var med i korslaget. Dei kom ikkje vidare men kommunalsjefen var av imponert av dei. Vart vanskeleg med at det var elevar somm ikkje kunne delta pga at det var i ei kyrkje. Kleppe skule ynskjer at det skal vera i rådhuset neste år.

Historia til Kleppe skule.

Anita Moi Hansen er vikar for SFO-leiar

Driftstyre, skulemiljøutvalg ikkje nye saker.

Event:

Yoga i skulen-saka. Opplegget for ein klasse på 6.trinn vart avlyst sidan det var foreldre som ynskte å ta ut sine elevar frå dei timane. Då ville ein ikkje nå målet

Skulefana. Forslaget er sendt inn.